



Ja til sekstimarsdag!

Tida er moden
– betre for deg
og for kloden
og poden!

Utgitt oktober 2016 av

Aksjonskomiteen for sekstimersdagen

Mange vil ha sekstimersdag

I 1987 ble normalarbeidsdagen redusert med en halv time, fra 8 til 7,5 timer. Det er det nyeste eksemplet på at en kan forkorte den daglige arbeidstida ved å bytte penger mot tid i tariffoppgjøret.

Det er tre halve timer som står mellom oss og sekstimersdagen. De kan tas i tre omganger – i tre tariffoppgjør.

I september 2016 hadde Kvinner på tvers sin årlige konferanse (www.kvinnerpa-tvers.no). Der var tre forkjempere for sekstimersdagen som

inspirerte til diskusjon.

Forbundslederne Mette Nord og Mimmi Kvisvik argumenterte godt for sekstimersdagen. De la vekt på at tida var inne for å legge en plan for gjennomføring av den.

Kravet om sekstimersdagen er reist av mange. Rogalandskonferansen har gjort det. LO i Oslo gikk med denne parola i 1. mai-toget i 2016: «Arbeidet må deles – innfør sekstimersdagen». Trondheimskonferansen vedtok i



Mette Nord, leder i Fagforbundet, Ingrid Wergeland, møteleder og forfatter av boka I takt med tiden, og Mimmi Kvisvik, leder i Fellesorganisasjonen.

2016: «Tariffoppgjøret 2018: Pensjonsrettigheter og kortere arbeidstid må være prioriterte krav i kommende tariffoppgjør. 6-timersdag / 30-timersuke må innføres gradvis. Målet er å få til sekstimersdag i løpet av 2020–2022. LO-kongressen i 2017 må fastslå kravet.»

Fagforbundet og Fellesorganisasjonen inngikk en samarbeidsavtale i fjor. En av sakene de samarbeider om, er sekstimersdagen. Forbundsleder Mette Nord uttalte i

denne sammenhengen: «Arbeidstiden i Norge har ikke vært endret siden 1986, da vi gikk fra 40 timer i uken til 37,5 timer; 7,5 timer pr. dag.

– Målet er å få til sekstimersdag i løpet av 2020–2022.»

Forbundsleder John Leirvaag i NTL karakteriserte dette som et realistisk forslag. Fagforbundets ledere i Tromsø, Trondheim og Oslo vil ta opp kravet om sekstimersdag på LO-kongressen i 2017.



Noko å gruble på?

Kvifor står ønsket om sekstimarsdagen som eit sterkt og aktuelt krav i kvinneedominerte forbund, men ikkje så sterkt og aktuelt i mannsdominerte forbund?

Korleis laga realistiske forsøk «i forbindelse med kampen for heltid»?

LO vil «Arbeide for at det iverksettes forsøk i forbindelse med kampen for heltid.» Det står det i utkastet til handlingsprogram for LO, som skal behandlast på LO-kongressen våren 2017.

I 2013 starta eit sånt prosjekt i Trondheim. Bystyret hadde bede rådmannen gjennomføra forsøk «med heltid som hovedregel og 30 timers uke med full lønnskompensasjon» ved Dragvoll Helse- og Velferdssenter.

Endra premiss

Men innan prosjektet kom i gang var det nokon som hadde funne ut at det vart «for

dyrt» å gjennomføra planen om kortare arbeidstid, og eit einstemmig formannskap vedtok at arbeidstida i forsøksprosjektet skulle endrast frå 30 til 35 timer per veke.

Resultatet vart ikkje det ein hadde håpa på, det vart ikkje fleire som valde heiltid. Var det grunn til å bli overraska? Dei fleste kvinner som arbeider deltid i helse- og omsorgssektoren gjer det fordi dei kjenner på kroppen at 7,5 timarsdagen er for lang i slike yrke. Skal heiltid vera realistisk, må arbeidsdagen forkortast – slik den opprinnelege planen for prosjektet i Trondheim var.



Også i Oslo har det vore forsøk med sekstimarsdag i omsorgssektoren. På nettstaden www.sekstimersdagen.no finn du rapporten frå forsøket og eit intervju med prosjektleiaren, Gry Opsahl.

Dyrt utan sekstimarsdag

Trondheim kommune meinte dei tapte 3,3 millionar kroner på dette prosjektet. Det samfunnsøkonomiske tapet er mykje større. Sjukepengar, utgifter til vikarar og opplæring av nye folk etterkvart som erfarne folk slutta, er sannsynlegvis med i reknestykket. Men kva med alt det andre som ikkje let seg måla i kroner? Ulemper og mistriivsel for brukarar/bebuarar som har vore nøyddde til å møte stadig nye tilsette? Kva med den einskilde tilsette, både dei som har blitt sjuke og dei som har fått ekstra mykje å gjera på grunn av aukande sjuke-

fråvær og gjennomtrekk blant kollegaene?

«Vi må ha kommuner som tør og satse og sette seg hårete mål», sa Eli Gunhild By, leiar i Sjukekleiarforbundet, til *Klassekampen* da sluttrapporten frå Dragvoll vart presentert.

LO kan setja seg «hårete mål». LO-kongressen 2017 kan sørge for at nye forsøk «i forbindelse med kampen for heltid» blir realistiske. Det krev at ein tar som utgangspunkt at heiltid må byggja på seks timars normalarbeidsdag. Folk er ikkje berre eit stykke arbeidskraft. Det følgjer faktisk eit menneske med!

Sekstimersdagen i Sverige

Les om Mölndals sjukhus,
Svartedalens äldrecentrum,
Toyota og flere:
www.sekstimersdagen.no

Ti argument for sekstimarsdagen

- 1 Betre høve til økonomisk sjølvstende.** Særleg viktig for kvinner som no arbeider deltid: 8 eller 7,5 timars lønn for seks timars arbeid.
- 2 Arbeid til fleire.** Der menneskeleg arbeidskraft er viktig, må sekstimarsdagen føra til fleire stillingar. Eit tiltak mot aukande arbeidsløyse og for å kunna gi arbeid til fleire arbeidsføre flyktningar.
- 3 Produktivitetsauke.** Tine sitt ostelager i Trondheim er eit eksempel på at når dei tilsette får vera med i planlegginga, kan ein somme stader gjennomføra sekstimarsdag utan at produksjonen går ned.
- 4 Ein offensiv mot hardare arbeidspress.** Mange opplever eit så hardt arbeidspress at dei synest dei ikkje får gjort jobben sin på 7,5 timar, og slit med vondt i rygg, nakke og armar. Krev fleire tilsette og sekstimarsdag!
- 5 Ei helsereform.** Sekstimarsdagen kan på sikt redusera slitasjeskadar som skuldast jobben. Forsøk har vist at folk kjenner seg friskare og søv betre med sekstimarsdag. Det er ikkje det same som at sjukefråværet går ned i løpet av ein forsøksperiode. Det blir ikkje mindre influensa eller færre beinbrott om ein får sekstimarsdag.

www.sekstimersdagen.no

6 Inkluderande arbeidsliv. Sekstimarsdag kan gjera det lettare å arbeida full tid for ein del av dei som på grunn av helseplager eller funksjonshemmingar ikkje maktar ein lengre arbeidsdag.

7 Ei familiereform. Mange fedrar har jubla over pappaperm og betre høve til samvær med egne ungar. Korleis skal dei same fedrane få sjansen til å følgja opp ungane når permisjons-tida er over, om dei ikkje får sekstimarsdag?

8 Ei miljøreform. Dersom produktivitetsveksten held fram utan reduksjon i arbeidstida, vil vi om nokre tiår kunna ha eit materielt forbruk som er tre-fire gonger så høgt som i dag. Det toler ikkje kloden, og det har ikkje menneska godt av heller. Redusert normalarbeidsdag kan hjelpa til å redusera noko av det materielle overforbruket, og gi meir fri tid.

9 Ei demokratireform. Kortare arbeidstid og meir fritid kan gi meir tid til politisk deltaking, dersom det er det folk vil.

10 Eit offensivt forsvar for normalarbeidsdagen. Arbeidsgivarane vil stort sett ha meir fleksibilitet, med høve til å bruka arbeidskrafta akkurat der og når den trengst mest, gjerne på deltid og med kortsiktige arbeidsavtalar. Normalarbeidsdagen må forsvarast, men det er ikkje lett å forsvare ein åttetimarsdag som er for lang og tung og som stenger mange tusen ute frå full jobb. Sekstimars normalarbeidsdag vil vera ei samfunnsreform for framtida.

www.sekstimersdagen.no

Arbeidsløshet og sekstimersdagen

Kortere arbeidstid har vært en kampsak i perioder med høy arbeidsløshet, som på 1930-tallet. Da krevde ILO (FNs arbeidslivsorganisasjon) arbeidstidsreduksjon med full lønnskompensasjon, fra 48 til 40 timer i uka. LO i Norge vedtok på kongressen i 1931 å gå inn for seks timers skift og høyst sju timers arbeidsdag med full lønnskompensasjon.

ILOs råd ble ikke gjennomført, arbeidsløsheten fortsatte og Norge fikk 40 timer inn i Arbeidsmiljøloven først i 1977. ILO sier i dag at arbeidsløsheten i verden er like stor nå som på 1930-tallet.

Hele samfunnet

Vi må tenke samfunnsøkonomisk og ikke bedriftsøkonomisk. Kortere normalarbeidsdag er en samfunnsreform! Det betyr at vi ikke kan stirre bare på EN arbeidsplass, men ta fugleperspektivet og se samfunnet under ett. Når flere kommer i arbeid blir det mer

inntekt til samfunnet fra skatten og det blir skapt verdier, noe som ikke skjer der mange går arbeidsløse.

En motoffensiv

Arbeidskjøperne, overklassen, vil fjerne normalarbeidsdagen. De vil ha personlige avtaler med hver enkelt selger av arbeidskraft som erstatning for kollektive avtaler, noe de ansatte på sjukehusene streika mot høsten 2016. I spørsmålet om arbeidstid, er det NHO som er på offensiven.

Det trengs en motoffensiv. Hele prinsippet om at det skal være en *normalarbeidsdag* må forsvares. Den bestemmer både lønna og hva slags liv vi kan leve. Men en arbeidsdag på 8 eller 7,5 timer er for lang for veldig mange. Derfor må normalarbeidsdagen forsvares med et krav om en dag som de fleste kan være med på: *Seks* timer.

Les mer på

www.sekstimersdagen.no

⑥ Blir det mindre sjukefravær med sekstimersdag?

⑥ Hva betyr «med full lønnskompensasjon»?

⑥ Sekstimersdagen på Tine Heimdal

⑥ Lever du for å arbeide, eller arbeider du for å leve?
Intervju med Ole Roger Berg, Trondheim

⑥ Sekstimersdagen i krisetider
Ebba Wergeland og Magnhild Folkvord

⑥ Osloforsøket, stort forsøk på et sjukehjem i Oslo

Sekstimarsdagen finst verkeleg



Det finst erfaringar frå både privat og offentleg sektor. Sekstimarsdagen finst også som ei permanent, kvar-dagsleg ordning på ein stor arbeidsplass: **Tine Heimdal**. Be dei koma og fortelja i fagforeinga!

Bedrifter som har eller har hatt sekstimarsdag:

- Kommunale heimehjelparar, Kiruna 1989–2005
- Tine Heimdal, Trondheim 2007–
- Balanz treningssenter, Sandnes 2011–
- Toyota Center, Göteborg 2002–
- SinkaBerg-Hansen, Rørvik 2005–
- Oslo-forsøket (sjukeheim og heimeteneste) 1995–1997
- Nardo Bil, Trondheim 2005–2006
- Trondheim parkering KF 2006–2008
- Bergen Hjemmetjenester KF 2007–2009
- Miljøservice, Trondheim eiendom 2007–2008
- B. Innvær, Bømlo 2006–2009
- Minera Oppdal 2006–2011
- Minera Otta 2007–2011
- Fossbrenna barnehage, Namsos 2009–2010
- Svartedalens äldreboende, Göteborg 2015–

Vil du vite meir? Søk i www.sekstimarsdagen.no.



Billig!

Kjøp dette heftet for spredning:
100 kroner for 100 hefter.
Porto kommer i tillegg.
Vi sender regning.

Bestill fra:
sekstimersdagen@gmail.com





Magnhild Folkvord og Ebba Wergeland: *Sekstimarsdagen – den neste store velferdsreform?*, Gyldendal 2015. Kjøp i nettbokhandelen www.marxisme.no/forlaget for 100 kroner eller les den på skjerm på www.sekstimersdagen.no.

Ingrid Wergeland: *I takt med tiden. Hvorfor kortere arbeidstid er bedre for alle*, Forlaget Manifest 2015. Kjøp i nettbokhandelen www.manifest.no for 149 kroner.



Johan Petter Andresen: *Kampen for sekstimersdagen. Et forsøk på marxistisk analyse*. Forlaget Rødt 2015. Kjøp i nettbokhandelen www.marxisme.no/forlaget for 150 kroner (eller e-bok 90 kroner).

Benjamin Kline Hunnicut: *6-timersdagen på Kellogg's*, For 6-timersdagen 2005. Kjøp i nettbokhandelen www.marxisme.no/forlaget for 120 kroner.

